

Saksprotokoll i 03.04.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Senea Sabanovic (A) sette på vegne av A, SP, SV, V, MDG fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering meiner det er naudsynt med midlar til utvikling av digitale tenester i biblioteka i Vestland grunna koronakrisa. Smitteverntiltaka har medført at biblioteka ikkje lenger er opne, men må tilby tenester over internett. Dette arbeidet ønskjer hovudutvalet å støtte i krisetida.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek utlysing av tilskot frå Modellbibliotekprogrammet til følgjande formål:
 - a. Tiltak til å bygge opp digitale ressursar i biblioteka i Vestland, som til dømes innkjøp av e-bøker og e-lydbøker til utlån.
 - b. Tiltak/prosjekt for digital formidling frå biblioteka, som for eksempel digitale debattarrangement, digitale foredrag og liknande.
 - c. Andre tiltak/investeringar for å byggje opp digitale tenester i biblioteka.
3. Søknadsfrist er 1. juni. Administrasjonen kjem attende til utvalet med innstilling, og hovudutvalet vedtek så endeleg fordeling av midlane.

Dette tiltaket er ment å vere eit mellombels tiltak grunna koronakrisa, og det er ønskjeleg at det ordinære modellbibliotekprogrammet gjenopprettast i 2021 når krisa forhåpentlegvis er over og biblioteka er opne.»

Avrøysting

Fylkesdirektør sitt forslag fekk ingen røyster og fall mot Sabanovic sitt forslag som vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering meiner det er naudsynt med midlar til utvikling av digitale tenester i biblioteka i Vestland grunna koronakrisa. Smitteverntiltaka har medført at biblioteka ikkje lenger er opne, men må tilby tenester over internett. Dette arbeidet ønskjer hovudutvalet å støtte i krisetida.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek utlysing av tilskot frå Modellbibliotekprogrammet til følgjande formål:
 - a. Tiltak til å bygge opp digitale ressursar i biblioteka i Vestland, som til dømes innkjøp av e-bøker og e-lydbøker til utlån.
 - b. Tiltak/prosjekt for digital formidling frå biblioteka, som for eksempel digitale debattarrangement, digitale foredrag og liknande.
 - c. Andre tiltak/investeringar for å byggje opp digitale tenester i biblioteka.
3. Søknadsfrist er 1. juni. Administrasjonen kjem attende til utvalet med innstilling, og hovudutvalet vedtek så endeleg fordeling av midlane.

Dette tiltaket er ment å vere eit mellombels tiltak grunna koronakrisa, og det er ønskjeleg at det ordinære modellbibliotekprogrammet gjenopprettast i 2021 når krisa forhåpentlegvis er over og biblioteka er opne.